



Det Kongelige Olje- og Energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		
04	1944	118
DATE	25 FEB. 2005	
AN	521	FKSP

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200408558-5/34/AGUL

Dykkar ref.:
04/1994


Bergen, 24. februar 2005

NOU 2004: 26 Heimfall - høyringsfråsegn Hordaland fylkeskommune

Vi viser til brev dagsett 01.12.04 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn til utgreiinga NOU 2004:26 Heimfall.

Fylkesutvalet handsama i møte 17.02.05 sak 30/05, og gjorde vedtak om følgjande fråsegn:

1. Fylkesutvalet i Hordaland peikar på at norske kommunar og fylkeskommunar har viktige inntekter frå kraftsektoren og at desse vert nytta til beste for innbyggjarane. Innføring av nye heimfallsreglar må ikkje føre til at kommunar og fylkeskommunar av økonomiske omsyn ser seg tvungen til å selje kraftverk.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om å gjere det mogeleg å leiga ut kraftverk utan å tape eigarretten.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om at når heimfall vert gjort gjeldande skal 1/3 av heimfallsverdicane gå til ressursdistrikta, med ein trappetrinnsmodell for fordeling mellom vertskommune og fylkeskommune.
4. Fylkesutvalet meiner utgreiinga ikkje gjev tilfredstillande svar på kva modellar som kan aksepterast i høve EØS-regelverket, og meiner staten bør gå i dialog med ESA for å få kartlagt dette nærare.
5. Fylkesutvalet i Hordaland går primært inn for rettighetsmodellen. Om det ikkje vert mogeleg å få til ei avtale med ESA om godkjenning av denne modellen, stør fylkesutvalet sekundært modellen med partielt heimfall.


Jan Per Styve


Anne-Gro Ullaland

Vedlegg: Saksutgreiing og møtebok for fylkesutvalssak 30/05



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200408558
Arkivnr. 34
Sakshandsamar Ullaland, Anne Gro

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	01.02.05	9/05
Fylkesutvalet	16.02.05	30/05

NOU 2004:26 HJEMFALL - HØYRINGSFRÅSEGN

Kultur- og ressursutvalet 01.02.05

Stig Høgholm sette på vegne av Frp og H fram slikt forslag:

”Nytt pkt. 5: Fylkesutvalet i Hordaland går inn for modellen med partielt heimfall.”

Røysting:

Det vart røysta punktvis.

Pkt.1 – 4: Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Stig Høgholm sitt framlegg til endring av pkt. 5 fall mot 7 røyster (A, V, SP,Krf og SV)

INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland peikar på at norske kommunar og fylkeskommunar har viktige inntekter frå kraftsektoren og at desse vert nytta til beste for innbyggjarane. Innføring av nye heimfallsreglar må ikkje føre til at kommunar og fylkeskommunar av økonomiske omsyn ser seg tvungen til å selje kraftverk.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om å gjere det mogeleg å leiga ut kraftverk utan å tape eigarretten.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om at når heimfall vert gjort gjeldande skal 1/3 av heimfallsverdiane gå til ressursdistrikta, med ein trappetrinnsmodell for fordeling mellom vertskommune og fylkeskommune.
4. Fylkesutvalet meiner utgreiinga ikkje gjev tilfredstillande svar på kva modellar som kan akseptrast i høve EØS-regelverket, og meiner staten bør gå i dialog med ESA for å få kartlagt dette nærare.
5. Fylkesutvalet i Hordaland går primært inn for rettighetsmodellen. Om det ikkje vert mogeleg å få til ei avtale med ESA om godkjenning av denne modellen, stør fylkesutvalet sekundært modellen med partielt heimfall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet i Hordaland peikar på at norske kommunar og fylkeskommunar har viktige inntekter frå kraftsektoren og at desse vert nytta til beste for innbyggjarane. Innføring av nye heimfallsreglar må ikkje føre til at kommunar og fylkeskommunar av økonomiske omsyn ser seg tvungen til å selje kraftverk.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om å gjere det mogeleg å leiga ut kraftverk utan å tape eigarretten.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om at når heimfall vert gjort gjeldande skal 1/3 av heimfallsverdiane gå til ressursdistrikta, med ein trappetrinnsmodell for fordeling mellom vertskommune og fylkeskommune.
4. Fylkesutvalet meiner utgreiinga ikkje gjev tilfredstillande svar på kva modellar som kan akseptert i høve EØS-regelverket, og meiner staten bør gå i dialog med ESA for å få kartlagt dette nærare.
5. Fylkesutvalet i Hordaland går primært inn for rettighetsmodellen. Om det ikkje vert mogeleg å få til ei avtale med ESA om godkjenning av denne modellen, stør fylkesutvalet sekundært modellen med partielt heimfall.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 21. februar 2005

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Butelsen



Arkivsak 200408558-2
Arkivnr. 34
Saksh. Ullaland, Anne-Gro

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	01.02.2005
Fylkesutvalet	16.02.2005

NOU 2004:26 HJEMFALL – HØYRINGSFRÅSEGN

SAMANDRAG

Kraftverk med offentlig eigarskap har i dag konsesjon utan tidsavgrensing, medan kraftverk eigd av private og utlendingar har heimfall. Dette inneber at staten overtar kraftverk og fallrettar gratis når konsesjonen utløpar etter 60 år. Denne skilnaden vert hevda å vere i strid med EØS-regelverket. Regjeringa ynskjer også av andre grunnar å revidere lovverket. Eit tidlegare lovframlegg frå 2002 møtte massiv kritikk, og ein valte å sette ned eit tverrfagleg utval som skulle utgreie heimfallspørsmålet nærare. Gjennom NOU 2004:26 Hjemfall er ulike modellar for heimfall omtalt. Utvalet er delt i si tilråding, og er ikkje samde om kva modellar som kan akseptrast i høve EØS-reglane.

I saka står ein framlegga om å gjere det mogeleg å leige ut kraftverk utan å tape eigarretten, vidare at 1/3 av heimfallsverdiane skal gå til ressursdistrikta, med ein trappetrinnsmodell for fordeling mellom vertskommune og fylkeskommune. Når det gjeld hovudmodell rår ein til å stø rettighetsmodellen, under føresetnad av at ein får til ein avtale med ESA i høve EØS-regelverket. Om dette ikkje let seg gjere står ein sekundært modellen partielt heimfall.

FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Fylkesutvalet i Hordaland peikar på at norske kommunar og fylkeskommunar har viktige inntekter frå kraftsektoren og at desse vert nytta til beste for innbyggjarane. Innføring av nye heimfallsreglar må ikkje føre til at kommunar og fylkeskommunar av økonomiske omsyn ser seg tvungen til å selje kraftverk.
2. Fylkesutvalet stør framlegget om å gjere det mogeleg å leiga ut kraftverk utan å tape eigarretten.
3. Fylkesutvalet stør framlegget om at når heimfall vert gjort gjeldande skal 1/3 av heimfallsverdiane gå til ressursdistrikta, med ein trappetrinnsmodell for fordeling mellom vertskommune og fylkeskommune.
4. Fylkesutvalet meiner utgreiinga ikkje gjev tilfredstillande svar på kva modellar som kan akseptrast i høve EØS-regelverket, og meiner staten bør gå i dialog med ESA for å få kartlagt dette nærare.
5. Fylkesutvalet i Hordaland går primært inn for rettighetsmodellen. Om det ikkje vert mogeleg å få til ei avtale med ESA om godkjenning av denne modellen, stør fylkesutvalet sekundært modellen med partielt heimfall.


Paul M. Nilsen

Fov Jan Per Styve

Matti Tojose

1. Innleiing

EFTA Surveillance Authority (ESA) hevdar at gjeldande kraftverkslovgjeving med ulike rettar for private og offentlege eigarar er i strid med EØS-reglane. Styresmaktene meiner at EØS-avtalen ikkje gjeld vassressursforvaltinga, men har på eiga hand sett trong for å revidere lovverket for vasskraftanlegg. Eit høyringsutkast til lovending utforma av Olje- og energidepartementet (OED) frå november 2002 vart møtt med massiv kritikk, og det vart difor sett ned eit tverrfagleg utval – *Hjemfallsutvalget*- som skulle utgreie saka nærare. Olje- og energidepartementet har sendt *NOU 2004:26 Hjemfall* på høyring, med frist 01.03.05.

Hordaland fylkeskommune er med i Samarbeidande Kraftfylke, som er ein av aktørane representert i utgreiingsarbeidet. Magnar Lussand frå Hordaland er leiar av Samarbeidande Kraftfylke, men det er Merethe Storødegård som har representert Samarbeidande Kraftfylke i utgreiingsarbeidet.

2. Tilhøva i dag og gjeldande lovverk

Heimfall er nedfelt i konsesjonslovene frå 1917, og gjeld for erverv og vassdragsreguleringar som er gjort etter 1909. Heimfall inneber at kraftverk og vassressursen tilfelle staten utan vederlag når konsesjonstida er ute.

Gjeldande konsesjonsreglar har ulike reglar for kraftverk med offentlege eigarar (stat, kommune, fylkeskommune) og private eller utanlandske eigarar. Skilnaden ligg i at kraftselskap med meir enn 2/3 norsk offentlig eigarskap normalt får tidsavgrensa konsesjonar, medan privat- og utanlandseigde kraftverk får konsesjon med ein fast tid, som oftast 60 år. Dette inneber at heimfall i dag ikkje gjeld for offentlig eigde kraftverk. Kritikken frå ESA gjeld ikkje heimfallsprinsippet, men at det er ulike regler avhengig av kven som eig kraftverket.

Ved heimfall skal inntil 1/3 av anlegget eller verdien av det, tilfalle vertskommunen for kraftanlegget. Det vert lagt til grunn ein trappetrinnsmodell for vertskommunane sin del, avhengig av energiproduksjonen i kraftverka (33% av inntil 250GWh, 25% for kraftverk mellom 250 og 500 GWh og 12,5% for kraftverk over 500GWh).

Samla kraftproduksjon i Noreg er i dag på om lag 119 TWh. Fordeling av eigarskap for kraftproduksjonen er om lag 49% statleg, 42% kommunalt/fylkeskommunalt og 9% privat/utanlandsk. Fram til i dag er ordinært heimfall gjort gjeldande i 10 kraftverk, medan det for 10 andre kraftverk er gjort avtale om føregripen heimfall (dvs heimfall til staten før tida, mot avtale om leige av kraftverka vidare). For Hordaland gjeld dette Bjølvovassdraget og Tyssovassdraget. Om lag 7,5 TWh av produksjonen i Noreg er i dag underlagt ordinære heimfallsvilkår.

3. NOU 2004:26 Hjemfall

Utvalet som har utarbeidd NOU-en har bestått av tre representantar for staten, ein representant for kvar av LO, KS, LVK (Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar), PIL (Prosessindustriens Landsforening), EBL(Energibedriftenes landsforening), SKL (Samarbeidande kraftfylke), samt to uavhengige representantar i tillegg til leiar Tore Vestbakke.

NOU 2004:26 er lagt ut på nettsida til OED: www.oed.dep.no . Velg "høyringer" og deretter "saker på høyring" i temalista til venstre .

3.1 Heimfall eller ikkje?

Den norske vassdragsretten er basert på privat eigedomsrett, i motsetnad til i Europa elles der viktige vassdrag tilhører det offentlege. Med vasskraft som viktig faktor for utvikling av industri og samfunn har det vore viktig å ha ei offentleg styring over desse nasjonalt viktige ressursane. Konesjonslover og heimfall sikrar dette.

Heimfallsutvalet har ikkje hatt som oppgåve å vurdere om heimfallsprinsippet i sin heilskap skal avskaffast, sjølv om både PIL og EBL primært hadde ønskt dette. Hovudfokus har vore ulike modellar for vidareføring av heimfall som også omfattar kraftverk med offentleg eigarskap.

3.2 Ulike heimfallsmodellar

3.2.1 Tradisjonelt heimfall (totalheimfall)

Med tradisjonelt heimfall vil heile kraftanlegget med vassfall, reguleringar og tilknytta anlegg tilfalle staten utan vederlag ved utløp av konsesjonstida.

Lovframlegget frå 2002 la opp innføring tradisjonelt heimfall for kraftverk med offentlege eigarar etter ein fast konsesjonstid på 75 år frå lova vert sett i verk. Offentlege eigarar skulle ikkje få økonomisk kompensasjon, medan private deleigarar i offentlege selskap skulle få økonomisk kompensasjon. Konesjonar for privateigde kraftverk skulle ikkje endrast.

Kritikken av framlegget gjekk delvis på at løysinga ville føre til eit salspress for kommunar og fylkeskommunar som eig kraftverk, dels at dei ikkje skulle få økonomisk kompensasjon. Det vart også peika på at det i stor grad berre ville vere utanlandske aktørar som ville ha økonomi til å kjøpe kraftverka når dei vert lagt ut for sal.

3.2.2 Tradisjonelt heimfall med kompensasjon (rettighetsmodell)

Heimfallet omfattar heile kraftanlegget, men som eit etteroppgjer vil den som har konsesjonen på heimfallstidpunktet få ein kompensasjon anten økonomisk eller i form av eigaradel i kraftverket.

Modellen støtter omsynet til å oppretthalde nasjonal råderett overvasskraftressursane, samstundes som den gjev fordelar til den som eig anlegget (konesjonæren) på heimfallstidpunktet.

Eit mindretal av utvalet (LVK, KS og LO) foreslår subsidiært ein rettighetsmodell som liknar denne modellen. Deira framlegg baserer seg på heimfall etter 60 år for offentleg eigde kraftverk på line med dei privateigde. Ved heimfall skal dagens eigarar som etter 60 år må avstå sine anlegg til staten ha ein rett til ein del av kraftverket eller ein økonomisk kompensasjon tilsvarande 45% av kraftverket sin verdi. Vert kraftverket selt før heimfall vert det ikkje gjeve kompensasjon. Ved heimfall skal 1/3 av verdien tilfalle vertsregionen, der verts kommunen sin del vert 33% inntil 250 GWh, 10% mellom 250 og 500GWh, 5% mellom 500 og 1000GWh og 0,5% over 1000GWh. Overskytande del inntil 1/3 går til fylkeskommunen. Det skal vere høve til å leige ut kraftanlegg utan å tape eigarretten. Løysinga er ikkje vurdert rettsleg i høve EØS-avtalen.

3.2.3 Partielt heimfall (delvis heimfall)

Ved partielt heimfall får konesjonæren på heimfallstidpunktet ein ideell del av kraftverket, medan resten vert overført til staten utan vederlag. Konesjonæren får rett til å drive vidare etter heimfallet, eventuelt saman med staten. Dersom det er viktige samfunnsinteresser som taler for det skal staten ha rett til å løyse inn konsesjonæren sin del – mot full erstatning.

Eit fleirtal i utvalet (leiar, dei to uavhengige, EBL, PIL og SKL) går inn for denne modellen. Framlegget inneber ei verdifordeling med 1/3 til eigarane, 1/3 til staten og 1/3 til vertsregionen. Av verdiane tildelt vertsregionen skal verts kommunen sin del vere 33% inntil 250 GWh, 10% mellom 250

og 500GWh, 5% mellom 500 og 1000GWh og 0,5% over 1000GWh. Overskytande del går til fylkeskommunen. Det skal vere høve til å leige ut kraftanlegg utan å tape eigarretten. Ny konsesjonstid startar ved lovendringstidspunktet, og konsesjonstida vert sett til 75 år (eit anna fleirtal). Løysinga er vurdert som OK ut frå EØS-avtalen.

Heimfallsordninga vil ikkje føre til verdioverføring frå kommunesektoren til staten i følge utgreiinga når det gjeld denne modellen, men det vil vere ei viss omfordeling i kommunesektoren til fordel for ressursdistrikta.

3.2.4 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen har fokus på tidspunktet for når heimfall skal innførast for dei konsesjonane som i dag ikkje har heimfall. I denne modellen vert heimfall først innført når kraftanlegget vert selt, i motsetnad til dei andre modellane som innfører heimfall frå den dagen ny lov tek til å gjelde. Dei kommunane og fylkeskommunane som eig kraftverk i dag vil så lenge kraftverket er i deira eige ikkje få innført vilkår om heimfall i transaksjonsmodellen. Alle framtidige kjøparar av kraftverk, - både offentlege og private – vil få vilkår om heimfall. For å få tydelege reglar vert det lagt opp til at sal av aksjar/eigardelar i selskap som eig kraftverk også vil føre til at heimfall vert innført. Det skal også i denne modellen vere høve til å leige ut kraftanlegg i inntil 60 år utan å tape eigarretten.

Det er usemje om modellen held i høve EØS-regelverket. Noreg vart del av EØS frå januar 1994. Det er moglege at EØS-reglane mot tilbakeverkande kraft vil verne konsesjonar som er frå før 1994, men at konsesjonar frå etter 1994 vil få heimfall. Transaksjonsmodellen er også meir komplisert å følge opp.

Mindretalet KS, LO og LVK ynskjer primært denne løysinga. Dei meiner også at konsesjonstida før heimfall bør setjast likt til 60 år for alle- både offentlege og private. Modellen kan også gjerast gjeldande for konsesjonar frå før 1909.

3.2.5 Heimfallsopsjon

I denne modellen vert det i konsesjonane eller gjennom lovendring lagt inn ein rett til at staten på eit seinare tidspunkt kan innføre heimfall. Sjølv om staten ikkje i dag ser trong for heimfall på eit bestemt tidspunkt i framtida, vil ein med denne modellen gje staten høve til å innføre heimfall når det seinare er aktuelt. Det må vere ei viss varslingsstid mellom når opsjonen vert teke i bruk og når heimfall skal finne stad.

Ingen i utvalet har gått inn for denne modellen.

3.3 Fordelingsverknad i kommunesektoren

Eigarstrukturen for kraftverka i landet varierar. I enkelte kommunar og fylke er det vertsregionen og vertsfylket som i hovudsak eig kraftverka, nokre stader har Statkraft store kraftverk, medan andre plassar er kraftverka eigd av andre kommunar enn vertskommunen for kraftverket. Sistnemnde gjeld t.d. både Bergen og Oslo som gjennom sine eigarpostar i høvesvis BKK og E-CO Energi har kontroll over mange kraftverk, utan at det er særleg kraftproduksjon innanfor eigen kommune. I tillegg kjem områda der større kraftverk har eigarar som Norsk Hydro, Elkem m.fl. som i dag har konsesjonar med heimfall. Endringane av lovverket vil difor slå ulikt ut for ulike kommunar og fylke.

I høve til fleirtalet sitt framlegg om partielt heimfall vil alle regionar (NB! NVE si regioninndeling), med unntak av region aust (Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark og Oppland) tene på løysinga. Utgreiinga meiner at region vest (Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal) kan få størst utbytte, av di ein her har relativt liten del i eigarskap av kraftverk samanlikna med omfang av vertskap for kraftutbygging. Utvalet har kome til at 9 fylkeskommunar vil tene på fleirtalsframlegget (Hordaland, Nordland, Buskerud, Vest-Agder, Telemark, Aust-Agder, Møre og Romdal, Sogn og

Fjordane og Oppland), to fylkeskommunar vil få om lag uendra tilhøve (Sør-Trøndelag og Vestfold), medan dei resterande 8 vil tape på framlegget, mellom anna både Oslo og Rogaland som i dag sit med store eigarinteresser i kraftselskap.

Det er ikkje presentert liknande fordeling for dei andre modellane som er diskutert. Dei økonomiske sidene ved transaksjonsmodellen og rettighetsmodellen vil vere avhengig av om mange offentlege eigarar sel kraftverka sine framover, eller om dei i staden satsar på utleige dersom dei ikkje ynskjer å drive kraftverka sjølv.

Kommunane i Hordaland, med Bergen i spissen styrar over store kraftressursar både i og utanfor Hordaland. I eit stort selskap som BKK med mange eigarar må ein truleg ta høgde for at det vert omsetning av aksjar, og at heimfall vil bli ein realitet for mange kraftverk i Hordaland også om transaksjonsmodellen vert valt. Om Bergen tek sikte på å halde fram som eigar i BKK er rettighetsmodellen med 45% verdikompensasjon etter 60år gunstig, men også tildeling av 1/3 av eigarskapen etter 75 år ved partielt heimfall er interessant. For kraftkommunar som er vertskap for store kraftverk og som kan få del av heimfallsverdiene vil raskt heimfall (60 år) med 1/3 verdikompensasjon (rettighetsmodellen) vere gunstigst.

4. Kommenterar frå KS og Samarbeidande kraftfylke

Av dei aktørane som har vore med i utvalet har fylkeskommunen særlege relasjonar til KS og Samarbeidande kraftfylke. Organisasjonane har kome med ulike tilrådingar.

4.1 Kommunenes Sentralforbund

KS har ynskjer prinsipielt transaksjonsmodellen, subsidært rettighetsmodellen.

Grunngjeving for transaksjonsmodellen:

- Stør opp under offentlig eigarskap. Kommunar og fylkeskommunar utøvar eit breitt samfunnsansvar og kan også gjere det innan kraftforsyninga.
- Økonomiske inntekter til kommunar og fylkeskommunar som eig kraftverk er inntekter som vert fordelt på innbyggjarane/fellesskapet.
- Regelverket vert likt for alle potensielle kjøparar av kraftverk
- Er rimeleg ovanfor dagens eigarar som framleis ynskjer å vere eigarar.
- Mindre salspress enn for modellane som skal gjelde frå lovtidspunktet.
- Heimfall vert spreidd over tid, noko som er ein føremon når det gjeld omsynet til offentlig styring/kontroll.
- Meiner EØS-problemstillinga må sjekkast ut i dialog med ESA. Åtvarer mot å forkaste modellar berre for å vere på den sikre sida, fordi ein er usikker på om ESA vil godkjenne dei.

Grunngjeving for rettighetsmodellen:

- Når det gjeld nasjonal styring og kontroll med vatnfalla er rettighetsmodellen betre enn partielt heimfall.
- Økonomisk kompensasjon berre til dei som faktisk får eit tap (dagens eigarar som også er eigarar på heimfallstidspunktet), ikkje nye eigarar som har kjøpt kraftverk med kunnskap om at dei vil få heimfall på eit bestemt tidspunkt.
- Betre enn partielt heimfall av di:
 - partielt heimfall gjev evigvarande rettar til ein ukjent gruppe konsesjonærar som faktisk kan svekke den offentlege styringa med ressursen
 - partielt heimfall reduserar offentlig råderett over vasskraftanlegga
 - partielt heimfall aukar dagens verdi av kraftverka og vil auke salspresset på kort sikt

4.2 Samarbeidande kraftfylke

Samarbeidande Kraftfylke har gått inn for partielt heimfall av di den tek i vare eigarinteressene i tillegg til vertsinteressene.

Samarbeidande Kraftfylke har i utgangspunktet små problem med transaksjonsmodellen, og modellen var lenge den modellen kraftfylka arbeidde for. Problemet med modellen etter kraftfylka sitt syn er vanskane EØS-rettsleg. Dei meiner tilsvarende vurderingar også gjeld for rettighetsmodellen, sjølv om denne ikkje har vore vurdert EØS-rettsleg av di modellen vart fremja seint i utvalsarbeidet.

Samarbeidande kraftfylke meiner at ein ikkje kan velje transaksjonsmodellen eller rettighetsmodellen utan at ein har ei forhandlingsløyising med ESA.

5. Tidlegare vedtak i saka

Fylkesutvalet hadde den opprinnelege høyringssaka frå Olje- og energidepartementet til handsaming 27.03.03, og gjorde vedtak om følgjande fråsegn i sak 72/03:

1. *Fylkesutvalet i Hordaland meiner vasskraftressursane har ei så viktig nasjonal interesse at ein må oppretthalde heimfallsprinsippet for eigedommsrett til større vassfall og reguleringsanlegg.*
2. *Fylkesutvalet går i mot lovframlegget om at alle kraftanlegg med offentleg eigarskap får omgjort konsesjonstidsramma til 75 år etter lovendringa, og med tilhøyrande vederlagsfritt heimfall til staten for dei offentleg eigde andelane.*
3. *Fylkesutvalet rår til at reglane om heimfall vert knytt til sal av større andelar i eit kraftanlegg som i dag har konsesjon på uavgrensa tid (transaksjonsalternativet).*
4. *Fylkesutvalet oppmodar om at ein i denne omgang berre gjer vedtak knytt til heimfallsprinsippet.*

6. Vurdering og tilråding

Standpunkta til ulike organisasjonar og partar i heimfallssaka vil vere farga av kva rolle dei i dag har , og kva situasjonen i framtida vert for dei med dei ulike modellane. I tillegg kjem prinsipielle syn på eigedommsrett, ønskje om statleg styring/offentleg styring og vurdering av om ESA vil akseptere modellen.

Samanlikna med det opprinnelege framlegget frå 2002 med totalheimfall utan økonomisk kompensasjon til offentleg eigarar, er både partielt heimfall, rettighetsmodell og transaksjonsmodellen betre løysingar sett med fylkeskommunale/kommunale auge. Utgreiinga presenterar ikkje økonomiske verknader for regionalt/kommunalt nivå for andre modellar enn partielt heimfall. Det er lite tilfredsstillande at ikkje alle aktuelle modellar er vurdert i høve til EØS-regelverket, då ESA sin kritikk har vore ein viktig grunn til at arbeidet med endring av heimfallsreglane starta opp. Det gjer det heller ikkje enklare for høyringspartane at utvalet er usamde i EØS-vurderinga av transaksjonsmodellen.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune fekk rett til 35% av Eidfjordutbygginga (Sima kraftverka), men har overlate eigarskapen til BKK (26,25%) og Sunnhordland Kraftlag (8,75%). Formelt er fylkeskommunen avtalepartner med Statkraft. I avtalen frå 1984 med BKK/SKL har fylkeskommunen fått dekkja kostnadene med ein energistilling i 20 år, og vil framover få utbetalt 1 øre/kWh konsumprisjustert pr år. Innan eit eventuelt heimfall vert gjort gjeldane for Sima-kraftverket må ein ta høgde for at kraftverket må fornyast, og vilkåra kan verte endra. Det er difor vanskeleg å vurdere kva omfang eit heimfall vil kunne få for fylkeskommunen for dette kraftverket.

Når det gjeld andre kraftverk i fylket kan delar av heimfallet gå til fylkeskommunen. Med unnatak av staten sine representantar i utvalet går alle medlemmene inn for at 1/3 skal tilfalle vertsregionen. Primært går heimfallet til vertskommunen, men etter ein trappetrinnsmodell ut frå kor stor

produksjonen er i kraftverket. Resten av del tildelt vertsregionen vil gå til fylkeskommunen. Ordninga vil slå ulikt ut for den enkelte fylkeskommune, der nokre får attende meir enn dei må avstå av verdiar, medan andre får eit reelt tap. Av di Hordaland fylkeskommune ikkje er direkte eigar av større kraftverk, vil fylkeskommunen tene på ordninga. Om ein berre skulle sjå på økonomisk utfall for Hordaland fylkeskommune vil raskt heimfall (60 år frå lovtidspunkt) for alle offentleg eigde kraftverk gje høgast utteljing.

Ein må forvente at heimfall vert innført også for kraftverk med offentlege eigarar. Kva modell fylkeskommunen skal støtte er avhengig av om ein utelukkande skal sjå på eigen økonomisk vinst, om ein skal syte for at tapet for store offentlege eigarar vert minst mogeleg, eller om ein skal ha fokus på å tilbakeføre verdiar til vertskommunane. Som regional aktør meiner eg det er viktig for fylkeskommunen at det ikkje berre vert ei verdioverføring til staten, men at vertsregionen (både fylke og kommune) også i framtida får del av inntektene frå kraftsektoren. I tillegg er det viktig å hindre at det vert eit auka salspress på kommunane. I så måte er framlegget om utleige av kraftverk utan tap av eigedomsretten viktig. Alle dei tre modellane som medlemmar i utvalet har tilrådd kan kombinerast med tildeling av verdiar til vertsregionen og høve til utleige av kraftverk.

Når det gjeld hovudmodell er det i fyrste rekkje kompensasjon til eigar, kven som får rettane til vassressursen etter heimfall og når heimfall skal tre i kraft som er hovudspørsmåla. I tillegg må ein oppnå semje med ESA.

Transaksjonsmodellen gjev minst endringar samanlikna med dagens regelverk. Modellen krev eit oppfølgingsystem for omsetning av aksjar, og er mindre oversiktleg enn dei andre modellane, men er mogeleg å gjennomføre. Heimfall vil spreie seg over tid, som kan vere ei føremon om ein ynskjer å stø opp under norsk eigarskap. Modellen vert av utvalet sin utgreiing ikkje vurdert til å helde mål i høve til EØS-reglane, noko tilhengjarane av modellen ikkje er samde i. For dei store kraftselskapa i Hordaland med mange eigarar må ein ta høgde for noko sal av aksjar også i framtida, og at heimfall vert innført også med transaksjonsmodellen. Hovudføremonen med modellen fell då bort. Då modellen i tillegg er meir komplisert, og har vanskar i høve EØS-regelverket vel eg ikkje å prioritere denne.

Rettighetsmodellen og partiell heimfall har mange fellestrekk. Eg er i store trekk samd i KS si vurdering av dei to modellane mot kvarandre. Å gje evigvarande rettar til ein ukjent gruppe framtidige eigarar strir med intensjonen med heimfallsordninga. Vidare er det dagens eigarar som får innskrenka sine rettar ved at heimfall vert innført, og følgjeleg er det dei som bør få kompensasjon, ikkje dei framtidige eigarane. Eg vil primært rå til å stø rettighetsmodellen, og at ein bør søkje å få til ein avtale med ESA om godkjenning av denne. Om dette ikkje let seg løyse, rår eg til at ordninga med partiell heimfall vert innført.